



HAREID KOMMUNE

PLANOMTALE

Kommuneplanens arealdel 2020-2032

PlanID: 20160004

Samandrag

Kommuneplanens arealdel fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som nemnt i plan- og bygningslova 2008 § 1-6, jf. lovens §11-6. I denne rulleringa er sjøområda teke ut. For desse områda vil den interkommunale kystzoneplan (kommunedelplan) gjelde.

Godkjent av Hareid
kommunestyre xx.xx.20xx,
sak





INNHALDSFORTEGNELSE

1.	INNLEIING	4
1.1.	Bakgrunn for rullering av kommuneplanens arealdel	4
1.2.	Om kommuneplanens arealdel	5
1.3.	Rettsverknad av planen	6
1.4.	Planarbeid og prosess	6
1.5.	Fokusområde og mål/strategiar	7
1.6.	Medverknad	9
1.7.	Planavgrensing	11
1.8.	Planperiode	11
2.	RAMMER OG FØRINGAR FØR AREALDELEN	11
2.1.	Føringar	11
2.2.	Berekraftig utvikling	13
2.3.	Naturmangfald	15
2.4.	Universell utforming	15
2.5.	Barn og unge sine interesser	16
2.6.	Folkehelse	16
2.7.	Handsaming av støy i arealplanlegginga	17
2.8.	Samfunnstryggleik	18
3.	FAKTAGRUNNLAG	18
3.1.	Vatn og turveggar	18
3.2.	Idrettsanlegg	19
3.3.	Naturområde	19
3.4.	Tenesteyting og sentrumsfunksjonar	20
3.5.	Fritidsbustadar	20
3.6.	Næringsutvikling	20
3.7.	Befolkningsutvikling	20
3.8.	Landbruk	23
3.9.	Friområde	24
3.10.	Tomtesituasjonen i kommunen	24
3.11.	Bustadutvikling	25
4.	REVIDERT AREALBRUK VED DENNE RULLERINGA I HAREID KOMMUNE	26
4.1.	Bygningar og anlegg	26
4.1.2.	Bustadar	26
4.1.3.	Fritidsbusetnad	37





4.1.4	Sentrumsformål.....	44
4.1.5	Offentleg eller privat tenesteyting.....	44
4.1.6	Fritids- og turistformål.....	45
4.1.7	Råstoffutvinning.....	45
4.1.8	Næringsverksemd.....	45
4.1.9	Idrettsanlegg.....	46
4.1.10	Annan særskilt angitt busetnad og anlegg.....	47
4.1.11	Uteoppfallsareal.....	47
4.2	Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur.....	48
4.2.1	Parkeringsplassar.....	48
4.2.2	Overordna vegnett.....	48
4.2.3	Gang- og sykkelveggar.....	50
4.3	Grønstruktur.....	50
4.3.1	Park.....	50
4.3.2	Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (LNF(R)).....	50
4.4	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørande strandsone.....	53
5.	SAMANDRAG AV KONSEKVENSGREIINGA.....	53
6.	AREALREGNSKAP.....	55
7.	KJELDER.....	56

Vedlegg til kommuneplanens areadel:

- ❖ Hareid kommune arealdel 2020-2032 Føresegn, med tilhørande retningslinjer
- ❖ Hareid kommune arealdel 2020-2032 Plankart
- ❖ Hareid kommune arealdel 2020-2032 – Konsekvensutgreiing (KU)
- ❖ Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Hareid kommune, 2016. (ROS-analyse)
- ❖ Vedlegg A: ROS-analysen sine konsekvensar for arealdelen.
- ❖ Vedlegg B: Parkering knytt til friluftsområder
- ❖ Vedlegg C: Sentrumssone – Hareid sentrum
- ❖ Vedlegg D: Ny framtidig Fv. 61 over Hareidseidet
- ❖ Vedlegg E: Overordna vegnett del 1 og 2, Hareid kommune
- ❖ Vedlegg F: Overordna vegnett bustadfelt i Hjørungavåg og på Bigset (B6).
- ❖ Vedlegg G: Støyvurdering for bustadområda Bigset vest og Hjørungavåg ved skulen.
- ❖ Vedlegg H: Rapport flodbølger etter skredfra Åknes, 20100899-00-2-R 8. februar 2011
- ❖ Vedlegg I: Kommentar til innkomne innspel



1. INNLEIING

1.1. Bakgrunn for rullering av kommuneplanens arealdel

Det vart i Hareid formannskap, 07/03/2016, i sak FS PS 25/16, vedteke at kommuneplanens arealdel skulle rullerast etter Plan- og bygningslova (PBL.) av 2008 nr. 71 §11-12. Årsaka for rulleringa var eit vedtak gjort av Hareid kommune om endring av NFFFA (natur, fiske, friluftsliv, ferdsel og akvakultur)-områder i arealdelen. Svakheita ved NFFFA areala og behovet for endring vart tydelige i ein konkret sak i Brandal, der ein såg at arealet som vart sett av til NFFFA-område var lite formålstenelege med tanke på utstrekning og plassering.

Etter at planarbeidet med rulleringa av kommuneplanens arealdel var starta opp, vart det inngått eit samarbeid mellom Hareid kommune og fire andre kystkommunar (Ulstein-, Herøy-, Sande- og Vanylven) på Søre Sunnmøre, om utarbeiding av ein interkommunal kystsoneplan. Planen byggjer på kunnskap kommunane har fått gjennom tidligare interkommunale samarbeid knytt til utarbeiding av maritime grunnkart og marin næringsanalyse. Kystsoneplanen vil dermed verke styrande for arealbruken i sjø og vil legge føringar for havbruken, inkludert akvakultur, i Hareid kommune.

Sjølv om sjøareala er teke ut av kommuneplanens arealdel, gjennom det interkommunale samarbeidet, har arbeidet med rulleringa av arealdelen heldt fram. Arealbruken i kommunen er vurdert i lys av utfordringsbiletet og nye målsettingar kommunen har fremja. Hovudfokuset for rullering har vore:


- ❖ Byggjeklare bustadtomter
- ❖ Oppretthalde og styrke næringsverksemda i kommunen
- ❖ Parkering knytt til friluftsområder.
- ❖ Ta vare på grøne verdiar og friluftsliv

Det har også vore arbeid med å oppdatere og forbetre plankartet, samstudens som det er gjennomført eit grundig arbeid med å forbetre føresegna knytt til arealdelen. Ved betre føresegn vil sakshandsaming og andre vurderingar knytt til plan- og byggjesak kunne effektiviserast.





1.2. Om kommuneplanens arealdel



Figur 1 – En illustrativ framstilling av korleis ein kan gå frå kommuneplan til gjennomføring av tiltak (Miljøverndepartementet, 2012a, 11)

Hareid kommune, som alle andre norske kommunar, er forplikta gjennom norsk lovgiving, jf. PBL. 2008 §§ 11-1 og 11-5, til å utarbeide ein arealplan for heile kommunen som syner samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Gjeldande arealdel (2012-2024) i Hareid kommune vart vedteke av kommunestyret 21/06/2012, medan samfunnsdelen (2006-2018) vart vedteke 27/04/2006.

PBL. 2008 §11-5 om kommuneplanens arealdel seier følgande:

«Kommuneplanens arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og føresetnad for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva for viktige omsyn som må ivaretakast ved disponeringa av areala. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, føresegn og planomtale kor det går fram korleis nasjonale mål og retningslinje, og overordna planer for arealbruk, er tatt hand om.»






1.3. Rettsverknad av planen

Plankartet, samt tilhøyrande føresegner er juridisk bindande, jf. PBL. 2008 §11-6. Arealformål og omsynssooner som er teikna i plankartet, er i tillegg til føresegna, det som avgjer kva for verknad planen har for den einskild grunneigar. Planomtalen og retningslinjene, samt konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalysa (ROS) er berre retningsgivande. Planomtale, KU og ROS er grunnlag for vurderingar og avgjersle i planforslaget, samt framtidige reguleringsarbeid.

1.4. Planarbeid og prosess




Figur 2 – Prosessen ved utarbeiding av kommuneplanens arealdel (Miljøverndepartementet, 2012b, 9)

Formålet med planarbeidet er å rullere kommuneplanens arealdel 2012- 2024, med ny arealbruk, forbetra føresegn og oppdatert plankart. Rulleringa starta først opp i 2016, det vart varsla om oppstart, samstundes med at planprogrammet vart sendt på høring og lagt ut til offentlig ettersyn, 25/05/2016. Planprogrammet vart vedteke av Hareid formannskap, 29/08/2016, i sak 116/16. Etter planprogrammet vart vedteken stoppa arbeidet med rulleringa meir eller mindre opp grunna ressursmangel. Det har ikkje vore mogeleg å følge framdriftsplanen som var skissert





i planprogrammet. Arbeidet med rulleringa starta opp igjen i siste halvdel av 2019, med mål om ferdigstilling våren 2021. Planprosessen vert gjennomført i samsvar med reglane i PBL 2008.




Figur 3 – Organiseringa av arbeidet med kommuneplanens arealdel

Arbeidet med arealdelen har vore organisert med ei administrativ prosjektgruppe frå avdelinga for Plan, byggjesak og geodata og Søre Sunnmøre Landbrukskontor. Kommunalsjefane har vore referansegrupper langs med i prosessen. Referansegruppene er brukt for å sikre fagleg tyngde i dei avgjerdselane som har vorte tekne.

1.5. Fokusområde og mål/strategiar

I planprogrammet til ny samfunnsdel i Hareid kommune er det lista opp fire hovudmål/fokusområder (som illustrert under). Grunna den opne formuleringa, vert det utarbeida nokre strategiar tilpassa arealdelen med bakgrunn i både arealdelen sitt planprogram og samfunnsdelen sitt planprogram.



Figur 4 – Oversikt over målsettingane til Hareid kommune





Strategiane er styrande for korleis arealbruken i Hareid kommune skal vere i framtida. Det er med anna ønskeleg å få fleire byggetomter for bustad i kommunen. Ein viktig faktor i dette arbeidet er å sette av areal ein trur kan realiserast innanfor eit fornuftig tidsrom, og på denne måten bryte dagens trend med vedtekne reguleringar og manglande gjennomføringsevne. Dette vert diskutert meir i kapittel 3.9. Vidare byggjer strategiane på at det er viktig å fortsette arbeidet med å styrke næringslivet. Det trengs med anna arbeidsplassar for å auke attraktivitet til kommunen. Det må arbeidast med å realisere dei områda som allereie er regulert til næringsverksemd og forretning. I både næringsutvikling og bustadutvikling er det særskilt viktig at ein tek omsyn til grønne verdiar. Det er derfor presisert at kommunen ynskjer ein konsentrert utbygging. Dette for å bevare mest mulig samanhengande grønne strukturar.

1.6. Medverknad

Medverknad dannar fundamentet for lokaldemokratiet og gjennomføringa av eit godt planarbeid. Det å legge til rette for ein aktiv medverknadsprosess, der enkeltpersonar i alle aldersgrupper, institusjonar, interessegrupper og organisasjonar får seie si meining, er særskilt viktig. Å gi andre moglegheit til å medverke i kommuneplanens arealdel er med på å skape både eigarskap og identitet til planarbeidet og den utviklinga som kommunen står overfor i tida framover (Regjeringa, 2014: 8, 12 og 19). Det har vore viktig for kommunen å legge opp til at kvar einskild vert høyrd og at alle innspel vert vurdert på likt grunnlag. Det er ein underliggende verdi at alle som ynskjer å seie si meining får moglegheit til det. Samandrag av mottekne innspel med kommentar, følgjer planomtalen som vedlegg.

Melding om oppstart av planarbeidet og invitasjon til å kome med innspel vart kunngjort i Vikebladet med annonse 28/05/2016, i tråd med PBL. 2008 §11-12. Frist for innspel var 08/07/2016. Vidare vart det annonsert i Vikebladet 10/01/2017 og 12/01/2017 at det skulle gjennomførast idèverkstad i samband med rullering av kommuneplanen. Idèverkstad fant stad i kommunestyresalen ved Hareid rådhus 21/01/2017. Her var tre tema særskilt viktig:

- ❖ Fritidsbustader – Hytter, naust og rorbuer. Kva har vi og kva ynskjer vi?
- ❖ Massedeponi – Deponi for reine masser som grus, sand, leire og jord i Hareid?
- ❖ Havbruk – Korleis ser framtida ut for oppdrettsnæringa i Hareid kommune?

I tillegg til idèverkstad vart det i løpet av januar 2017 også utført ei kartlegging ved alle barneskulane (både offentleg og privat) i Hareid kommune. I dette opplegget fekk elevane bidra med teikningar av ein leikeplass, slik dei sjølv ønska den såg ut. Totalt deltok over 100 born i





alderen 7-12 år (1. – 6. klasse). Teikningane ga mange gode og funksjonelle leikeplassar, som vert teke med vidare inn i arbeidet med å utforme framtidens leikeplassar både på kommuneplan nivå, men også ved detaljplanlegging i reguleringsplanar. Å oppsøke og engasjere born på denne måten, viste seg å vere ein god metode for å inkludere borna og få dei til å medverke i planprosessen.


Eit anna medverknadstiltak som vart utprøvd i ei tidlig fase av planarbeidet var å få innbyggjarane til å svare på eit spørjeskjema om parkering knytt til friluftsområder. Spørjeskjemaet vart publisert 21/11.2016 og avslutta 22/12/2016. Det var i alt 137 respondentar. Sjølv om ei slik spørjeundersøking ikkje er på høgde med ei fullstendig kartlegging, har metoden vist seg å vere ein effektiv måte for å få respons frå innbyggjarane. Det er også ei god rettesnor for det vidare arbeidet med planlegging av parkeringsplass knytt til turområde.

Oversikt over friluftsområde der manglande parkeringstilbod blir sett på som eit problem.

NATUROMRÅDE	SUMMERTE STEMME «OFTE» til «SVÆRT OFTE»
❖ Rotarystien	56 stemmer
❖ Grimstadvatnet	46 stemmer
❖ Melshornet frå Ulset	40 stemmer
❖ Gamleåsen frå Korshamna	32 stemmer
❖ Alskkleiva frå Kvammen	30 stemmer

Resultata frå spørjeskjemaet gav nyttig informasjon om kva innbyggjarane tenkjer kring parkering og bruk av friluftsområda i kommunen. Undersøkinga understrekar at parkering er ei utfordring ved bruk av kommunens friluftsområder. Det er derfor viktig at kommunen legg opp til at det kan etablerast fleire og meir tilrettelagte parkeringsplassar ved dei mest attraktive turområda. Dette vil fortrinnsvis verte gjort gjennom å gje føresegner, som opnar opp for etablering av nye parkeringsplassar i områder der det i dag er lite parkering.

Sosiale media som Facebook og Snapchat vart også nytta for å nå ut til innbyggjarane. På bilde-deling-applikasjonen Snapchat vart det oppmoda om enten å sende eit bilete av ein stad i kommunen kor ein meina at det allereie finst noko bra eller å sende eit bilde av ein stad og skrive/teikne det forslaget som ein skulle ønske fanst der. Det kom inn nokre få innspel. Aktiviteten var lågare enn det ein hadde håpa på.



Figur 5 – Illustrasjonen som vart nytta i høve medverknad gjennom applikasjonen Snapchat.





1.7. Planavgrensing

I følge lovteksten omfattar arealdelen si planavgrensing heile kommunen medrekna sjøområda, jf. PBL. 2008 §11-5. Denne rulleringa er eit unntak, då den berre omfattar landareala i Hareid kommune. Det vert utarbeida ein eigen kommunedelplan for kystsona i Hareid kommune. Dette er eit samarbeid mellom Hareid kommune og fire andre kystkommunar på Søre Sunnmøre. For å unngå overlapp inngår ikkje planlegging av arealformål knytt til sjøområda i arealdelen. Kommunedelplanen vil vere retningsgivande og juridisk bindande i forhold til Hareid kommunen sine sjøareal, medan kommuneplanens arealdel vert juridisk bindande for alle landområder, vassdrag og andre områder som ikkje går ut i sjø.

1.8. Planperiode

Planperioden for kommuneplanens arealdel er 12 år med vedtaksåret som første år. Tidsperspektivet for denne arealdelen er frå 2020-2032. Likevel kan planen takast til rullering ein gong i kvar valperiode etter kommunestyret sitt vedtak.

2. RAMMER OG FØRINGAR FØR AREALDELEN

Kommuneplanens arealdel er forankra i relevant lovverk, kommunale-, regionale-, og nasjonale planar og føringar. Lista under er ikkje uttømande.

2.1. Føringar

Lovverk

For rulleringa av kommuneplanens arealdel er PBL. den lovgivinga som gir flest føringar og har mest å seie for den kommunale arealplanlegginga. Lovas kapittel 11 inneheld regler om innhaldet i kommuneplanen. Kapittel 4 i same lov omhandlar utgreiingsskrav, med anna krav til konsekvensutgreiing (KU) og ROS-analyse (ROS). I tillegg til PBL. blir planforslaget utforma i tråd med dei forskrifter som er utarbeida til PBL. Dette gjeld særskilt om konsekvensutgreiingar, kart- og planforskrifta og byggteknisk forskrift.





Anna relevant lovverk:

- ❖ Friluftsløva av 1957 nr. 16
- ❖ Veglova av 1963 nr. 23
- ❖ Forvaltningslova av 1967 nr. 63
- ❖ Kulturminneløva av 1978 nr. 50
- ❖ Forureiningslova av 1981 nr 6
- ❖ Jordlova av 1995 nr. 23
- ❖ Vassressurslova av 2000 nr. 82
- ❖ Akvakulturlova av 2005 nr. 79
- ❖ Naturmangfaldslova av 2009 nr. 100
- ❖ Minerallova av 2009 nr. 101
- ❖ Folkehelseløva av 2011 nr 29.
- ❖ Likestillings- og diskrimineringslova av 2017 nr. 51.
- ❖ Skogbrukslova av 2005 nr 31

Andre relevante forskrifter:

- ❖ Forskrift om rammer for vassforvaltning av 2006.

Nasjonale føringar

- ❖ Statlige planretningslinjer
- ❖ For differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2011)
- ❖ For samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- ❖ For klima- og energiplanlegging i kommunane (2009)
- ❖ Universell utforming (PBL. § 1 og NS11001-1:2018)
- ❖ Naturmangfaldlova kapittel 2
- ❖ Nasjonal Transportplan (NTP) 2018-2029
- ❖ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- ❖ Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, T-1/08.
- ❖ Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag, 1994.
- ❖ Nasjonale og vesentlig regionale miljøinteresser (Rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet.
- ❖ Temarettleiar – uttak av mineralske forekomstar og planlegging etter plan- og bygningslova.
- ❖ FN's berekraftsmål

Regionale føringar

- ❖ Fylkesplan for Møre og Romsdal fylke 2017-2020.
- ❖ Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020
- ❖ Regional delplan for attraktive byar og tettstader
- ❖ Regional delplan for inngrepsfrie naturområder
- ❖ Regional delplan for klima og energi
- ❖ Regional delplan for kulturminne
- ❖ Regional delplan for folkehelse
- ❖ Leikeplassar – lokalisering og utforming av Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- ❖ Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019
- ❖ Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion
- ❖ Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde
- ❖ Jordvernstrategi for Møre og Romsdal

Kommunale føringar

- ❖ Kommuneplanens samfunnsdel 2006-2018
- ❖ Kommuneplanens samfunnsdel (rullering pågår, planprogram godkjent)
- ❖ Interkommunal kystsonenplan (ikkje ferdig)
- ❖ Hovudplan for vatn- og avløp (rullering pågår, planprogram er godkjent)
- ❖ Bustadsosial handlingsplan, eigengodkjend 15.12.2011 av Hareid kommunestyre
- ❖ Trafikktryggingssplan 2007 – 2010 (2018), eigengodkjend 14.12.2006 i Hareid kommunestyre. (Rullering pågår, planforslag er utarbeida).
- ❖ Kommunal planstrategi 2016 – 2020
- ❖ Utfordringsbilete for Hareid kommune 2019-2024
- ❖ Kommuneplanens arealdel 2012-2024
- ❖ Gjeldande reguleringsplanar
- ❖ Folkehelseoversikt, 2015
- ❖ Forvaltningsplan for Grimstadvatnet naturreservat
- ❖ Kulturminneplan for Hareid kommune, 2016



2.2. Berekraftig utvikling

Omgrepet berekraftig utvikling vart lansert i 1987 gjennom Brundtland-kommisjonen, og har den seinare tida utvikla seg til å vere eit særskilt viktig omgrep innan norsk planlegging. I tillegg til å vere eit omgrep som er ofte nytta i planlegginga, det er også nedfelt i lovteksten, jf. PBL. 2008 §1-1. Berekraftig utvikling gjeng ut på å ta hand om, og forvalte dagens ressursar på ein slik måte at framtidens generasjonar vil få dei same moglegheitene som dagens befolkning.


Sentralt i dette inngår arbeidet med å forvalte kommunens land- og sjøareal. Kommunen er forplikta til å sørge for ei framtidens rett og berekraftig utvikling av kommunens areal. Arealplanlegging gjennom kommuneplanens arealdel er eit av dei sterkaste verktøya kommunen har til å verke inn på korleis kommunen sine areal skal utviklast i framtida. Kommunen, som forvaltar, tenesteytar og samfunnsutviklar er i ei særstilling når det kjem til å kunne fremje ei berekraftig utvikling. Det er derfor viktig at både planleggarar og politikarar har kjennskap til FNs 17 berekraftsmål. Måla er omfattande og krevjande å halde styr på. Hareid kommune har derfor vald ut åtte berekraftsmåla kommunen skal rette eit særskilt fokus på i arealplanlegginga.



Figur 6: illustrasjon av utvalgte berekraftsmål for Hareid kommune FN-sambandet, 2020)

Desse åtte måla vert vidare kopla til kommunens eigne hovudmål, sjå illustrasjon på neste side. Berekraftsmåla vert nytta som eit rammeverk for kommuneplanarbeidet, og er eit verkemiddel for å nå målsettingane lokalt, nasjonalt og globalt. Å transformere berekraftsmåla til ein lokal kontekst gjer at kommunen arbeidar ut frå eit berekraftsperspektiv og såleis bidreg i den store samanhengen til å gjere verden meir berekraftig.







2.3. Naturmangfald

Naturmangfaldlova (NML.) av 2009, kapittel II, alminnelege føresegn om berekraftig bruk, er eit sentralt og viktig lovverk innanfor kommunal planlegging. NML 2009. §§ 8–12, jf. §7, er prinsipp for offentleg avgjersle, som skal vurderast og vektleggast i kommunal planlegging, så vel som all anna planlegging.

§ 8: Sikrar at avgjerslene byggjer på rett informasjon og kunnskap.

§ 9: bygg vidare på § 8, sikrar at tvilen skal komme naturen til gode, føre-var-prinsippet

§ 10: Sikrar at ein pliktar å vurdere dei samla konsekvensane. Det er ikkje nok å vurdere konsekvensane isolert for kvart einskild tiltak.

§ 11: Krav til at den som forureinar skal betale. Preventiv verknad.

§ 12: Sikrar krav til produksjon av varer og tenester, samt at alternativ lokalisering vert vurdert.

Alle prinsippa er teke med i utarbeidinga av ny arealdel. Prinsippa er hovudsakleg vurdert i konsekvensutgreiinga. I utgreiinga er det innhenta kunnskap og vurdert konsekvensar av med anna forureining og naturmangfald i høve ny utbygging.

2.4. Universell utforming

Med «universell utforming» meinast utforming av produkt, omgjevnadarr, program og tenester på ein slik måte at dei kan nyttast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming.

Den internasjonale definisjonen på universell utforming, vedteke av FN.



Figur 7 – Illustrasjon syner mangfald, og at alle menneskejer har lik rett til å nytte samfunnet. ((Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2017, 29).




Omgrepet rettar fokus på inkludering og likeverd, og det å skape eit samfunn som er tilrettelagt og kan nyttast av alle, uavhengig av fysiske, kognitive eller andre utfordringar den einkilde måtte ha. For Hareid kommune er universell utforming eit viktig prinsipp og rettleiaren for «Universell utforming etter plan- og bygningsloven» er eit viktig underliggande dokument som gir føringar for korleis kommunen skal ivareta universell utforming i si planlegging. I tillegg syt likestillings- og diskrimineringslova av 2017 for eit rettsleg vern mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne og å hindre diskriminering med anna på grunn av manglande tilgjelgheit. Det er i føresegna (§10) stilt krav om at omsynet til universell utforming skal gjerast greie for i alle reguleringsplanar.

2.5. Barn og unge sine interesser

Barn og unge vert ikkje rekna som rettshavar i formell forstand, og vert dermed ikkje varsla i plansakar som grunneigar eller nabo. Det er også vanskeleg for denne gruppa å engasjere seg på eigen hand, formulere seg eller å fremje egne krav (Miljøverndepartementet, 2012c). Derfor vart borna i Hareid kommune oppsøkt på skulen slik at dei kunne vere deltakande i medverknadsprosessen. I tillegg vart det forsøkt å engasjere dei unge gjennom å bruke sosiale medier, både for informasjon, men også som ei plattform for kommunikasjon. Temarettleiaren T-1513 «Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven» samt leikeplassrettleiaren frå Fylkesmannen og liknande rettleiarar og retningslinjer vert brukt gjennom den kommunale planlegginga i Hareid kommune. Barn og unge er eit eige tema i konsekvensutgreiinga, og det vert forsøkt etter beste evne å ta hand om deira interesser i den kommunale planlegginga.

2.6. Folkehelse



Figur 8 – Koplinga mellom folkehelselova, Plan- og bygningslova og kommunelova (Kommunetorget.no, u.d)





Ein viktig del av den kommunale planlegginga handlar om å ha ei tilstrekkelig god oversikt over helsestilstanden og påverknadsfaktorane i kommunen (kommunetorget.no, u.d). I Hareid kommune er det utarbeida ei folkehelseoversikt frå 2015, som no er under rullering. Ettersom rulleringane går føre seg parallelt, vert informasjon og kunnskap utveksla og planane får såleis eit felles grunnlag.

Kommunen opplever det som viktig at blant anna friluft- og rekreasjonsområder er lett tilgjengelig for innbyggjarane. Det er derfor i denne rulleringa eit tema kring utviding av parkering til attraktive friluftsområder. I tillegg har leikeplass og leikeområde for born vore eit gjennomgåande tema, og då spesielt knytt til kva borna sjølv set pris på og ynskjer i sitt nærområde. I tillegg til bornas egne ynskjer vert Fylkesmannen sin rettleiar for leikeplassar forsøkt teken i vare. Det er også teke med krav om minste uteoppholdsareal i føresegna. Det har ikkje vore tilsvarende krav før.

Kvalitetar som lys, luft, støy, tryggleik, trivsel og generelt bumiljø er viktig. Er desse faktorane gode gjev det positiv innverknad på folkehelsa. Det er derfor nødvendig at kommunen legg til rette for å ivareta og styrke desse kvalitetane i si planlegging av korleis kommunen skal utviklast i framtida.

2.7. Handsaming av støy i arealplanlegginga

Støy er i dag å rekne for å vere eit miljøproblem som gjeld dei fleste menneskjer i eit samfunn, og som kan ha negative verknadar med omsyn til innbyggjarane si helse og trivsel. Det er derfor særskilt viktig at kommunen legg til rette for å førebyggje støyproblem. Eit nødvendig tiltak slik «Retningslinje for behandling av støy i arealplaner» (T-1442) beskriver er at ein i arbeidet med kommuneplanens arealdel skal vurdere om ny utbygging er i tråd med støygrensar og sikre at ny verksemd ikkje påverka eksisterande situasjon. Støy vert vurdert som eige tema i konsekvensutgreiinga. Kommunen legg til grunn støysonekart utarbeidd av Statens vegvesen for riks- og fylkesvegane i kommunen. Det vert gitt føresegn knytt til utbygging i rødt- og gul støysone. Støysoner vert ikkje teikna inn i plankartet.



2.8. Samfunnstryggleik

Det er ei nasjonal målsetting at tryggleiks- og beredskapsomsyn skal inn som ein viktig del av samfunnsplanlegginga. PBL. 2008 § 4-3, om samfunnssikkerheit og risiko- og sårbarheitsanalyse, stiller krav om at planmynde skal sjå til at det vert gjennomført ROS-analyse ved utlegging av nye byggjeareal. Det vert gjeven føresegn om at ROS-analyse skal inngå i reguleringsplanar og i byggjesakshandsaming. ROS-analyse vert utarbeidd på reguleringsplannivå. I tillegg til framtidige ROS-analyser i reguleringsplanar er det utarbeid ei heilskapeleg ROS-analyse for Hareid kommune i 2016. Denne samana med Vedlegg A, ROS-analysen sine konsekvensar for arealdelen, er viktig grunnlag for arealdelen. Det skal også utarbeidast KU i reguleringsplanar for utbygging som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. PBL. 2008 §4-2. Det er utarbeidd ei enkel konsekvensutgreiing for nye utbyggingsareal.

3. FAKTAGRUNNLAG

Hareid kommune utgjer den austre delen av Hareidlandet, og har eit samla areal på om lag 135 km². Av dette arealet er omlag 82 km² landareal og om lag 53 km² sjøareal. Hareid har ei kystlinje på om lag 45 km.

I Hareid kommune er det fleire låge U-dalføre med godt jordsmonn for landbruk, og dalsider som er egna til bustadar. Hareidsdalen, Hjørungavåg og Snipsøyvåg er slike dalar. Det meste av landarealet i kommunen er fjell- og friluftsområder. Hareidsfjella ligg som eit platå mellom Hareidsdalen, nordover mot Flø og Kvitneset. Kongsvollen er det høgste fjellet i kommunen med ei høgd på 683 moh (Kongsvollen er eit grensefjell mellom Hareid og Ulstein kommune), medan Melshornet er nest høgst med 668 moh. Fjellområde er mykje brukt til friluftsliv og er viktige for folkehelsa i kommunen. Med unntak av yst på Kvitneset har ikkje Hareid sjøareal mot ope hav. Mest alt av sjøareal ligg innaskjers i form av djupe fjordar. Med unntak av hamneverksemd, fritidsfiske og farleier er sjøarealet lite utnytta.

3.1. Vatn og turvegar

Hareid kommune har fleire store og små vatn. Dei fem største vatna i kommunen, Snipsøyrvatnet, Hjørungdalsvatnet, Grimstadvatnet, Hammarstøylvatnet og Mosvatnet utgjer 5332 da av det totale landarealet. Det finst også fleire mindre vatn som ikkje er medrekna.

❖ Snipsøyrvatnet	3 400 da	❖ Mosvatnet	462 da
❖ Grimstadvatnet	355 da	❖ Hammarstøylvatnet	423 da
❖ Hjørungdalsvatnet	692 da		





Snipsøyrvatnet er det største og har ein størrelse på omtrent 3,4 km² og ei djupne på ca. 34 meter. Vatnet strekker seg over et areal på 4,5 km. Vatnet er mykje brukt til fritidsfiske og friluftsliv. Det er ein del fritidsbustadar langs vatnet, og det er avsett noko areal til turisme ved Holesanden inst i enden av vatnet. Einaste arealet i Hareid som er avsett til campingplass ligg langs sørsida av vatnet på Røyset. Vatnet har ei kystlengd på om lag 12,5 km. Fleire plassar langs Snipsøyrvatnet er godt egna til bading og strandliv, med Holesanden som det mest populære alternativet for allmenta.

Hjørungdalsvatnet er nest størst med eit areal på 0,69 km². Vatnet blir nytta til fritidsfiske og friluftsliv. Vatnet og myr-områda kring vatnet er avsett til naturreservat.

Grimstadvatnet vert brukt til friluftsliv både sommar og vinter. Grimstadvatnet, myrområda kring og områda kring elveosen i nordre delen av Snipsøyrvatnet er avsett til naturreservat, og utgjer ein viktig våtmarksbiotop og et viktig fuglefrednings område. Langs Grimstadvatnet og fram til utløpet til Snipsøyrvatnet ved Kaldhol går Rotary-stien. Den er 5,5 km lang, og er den mest brukte turstien i Hareid kommune.

Hamarstøylsvatnet er den viktigaste drikkevasskjelda i Hareid. Anleggsvegen frå Nesset og fram til vatnet er ein av dei mest brukte turvegane i kommunen.

Mosvatnet ligg i Hareid kommune, og er drikkevattnet til Ulstein kommune.

3.2. Idrettsanlegg

Av arealet på om lag 980 da som er sett av til idrettsanlegg, utgjer golfbana på Hovden/Rise ca. 75 % av det samla arealet. Resterande areal er fordelt på idrettsanlegget kring stadion i Myrane og på Hjørungavåg, og skyttaranlegg og motorsport på Ulset.

3.3. Naturområde

I Hareid kommune er det fleire områder som er viktige for naturmiljø og friluftsliv. Desse er vist i plankartet med omsynssone H560 bevaring naturmiljø og H530 omsyn friluftsliv. Viktige artslokalitetar i rapport frå kartlegginga av biologisk mangfald i Hareid i 2003 er teke inn i plankartet og omfattas av omsynssone H560.

Leirvågen er lista opp som ein viktig stad for det biologiske mangfaldet, grunna havstrand med rik strandvegetasjon i området. Denne naturtypen bør prioriterast i all planlegging.





3.4. Tenesteyting og sentrumsfunksjonar

Med unntak av skule- og barnehageområda i krinsane, ligg mest alt av servicefunksjonar og offentleg eller privat tenesteyting i Hareid sentrum. Dette gjeld også areal som er sett av til sentrumsformål i kommuneplanen.

3.5. Fritidsbustadar

I Hareid kommune er det per 2019 120 fritidsbustadar fordelt på dei ulike krinsane. Ei auke på 11% sidan 2000. Det meste av arealet som er satt av til fritidsbustadar ligg i Hjørungavåg krins, Brandal eller Bigset krins. Her blir også nokre nye område lagt inn plankartet, i samsvar med reguleringsplanar som er utarbeidd etter førre rullering.

3.6. Næringsutvikling


Ved ny arealplan er det sett av ca. 1 144 da næringsformål. Det meste av arealet ligg på Raffelneset i Hareid, Hareidsmyrane og på Risneset i Hjørungavåg. Det blir ikkje lagt inn fleire områder til næring, då det er ønskeleg at område som i dag er satt av til formålet blir opparbeidd og tatt i bruk før andre næringsområder vert vurdert.

3.7. Befolkningsutvikling

		1989	1999	2009	2019
Menn	0-17 år	624	624	607	614
	18-49 år	1064	1105	1032	1084
	50-66 år	341	357	503	567
	67-79 år	182	203	183	270
	80-89 år	46	63	81	79
	90 år og eldre	5	10	11	18
Kvinner	0-17 år	609	619	575	545
	18-49 år	919	1008	969	1019
	50-66 år	354	367	456	516
	67-79 år	237	255	233	279
	80-89 år	97	101	140	119
	90 år og eldre	10	19	27	45
SUM		4488	4731	4817	5155

Figur 9 – Tabell 07459: Befolkning, etter region, kjønn, alder, statistikkvariabel og år (SSB, 2020a)





Figur 10 – Tabell 07459: Befolkning, etter region, kjønn, alder, statistikkvariabel og år (SSB, 2020a)

I 2019 var det 5 155 innbyggjarar i Hareid kommune, ei auke på 0,1 % frå året før og ei auke på om lag 7 % frå det siste tiåret. Av alle kommune i Møre og Romsdal fylke ligg Hareid på 11. plass når det gjeld befolkningsutvikling i den siste tiårs-perioden. Nabokommunane Ulstein, Sula, Ålesund (Skodje) og Giske er prega av sterk vekst, medan Hareid berre har ein moderat vekst (Hareid kommune, 2016, s. 18). Det er forsøkt kartlagt kva som gjer at Hareid ikkje har ein like sterk vekst som nabokommunane.

Årsakane er med anna:


- ❖ Lite utval av tomter og bustadar
- ❖ Mangel på tettstadsattraktivitet
- ❖ Kollektivtransport
- ❖ Arbeidsinnvandring – ikkje nok arbeidsplassar i kommunen.

Dette er årsakar som må forsøkast å gjere noko med gjennom rulleringa av kommuneplanens arealdel. Kommunen vil med dette arbeidet med anna legge til rette for fleire bustadområder i dei ulike krinsane. Det blir moglegheit for nye bustadar i alle krinsane, med unntak av Brandal. I Brandal er det likevel mogleg å byggje inntil fire bustadar i område for spreidd busetting. Det vil derfor kunne skje ei utvikling i alle krinsane noko som er positivt for attraktiviteten til tettstadane.





Det er også viktig å ha ein god dialog med bedriftene i Hareid og forsøke å legge til rette for auka næringsverksemd i kommunen. Kollektivtransport er eit langsiktig prosjekt, der folketalet i krinsane først må styrkast. Når kundegrunnlaget er på plass, kan ein sjå vidare på korleis kollektivtransporten kan løysast på best mogleg måte.



Dei nemnde årsakene til moderat vekst i Hareid samanlikna med andre kommunar i nærleiken, vert understreka når ein ser at det er sentrumskrinsane som har hatt den største veksten mellom 2014 og 2019. Dei siste åra er det stort sett berre her det har vore tilgjengelig byggeareal. Dette tyder på at byggjeklare tomter er ein viktig føresetnad for vekst i kommunen.


Når det gjeld framtidsutsiktene syner Statistisk sentralbyrå (SSB) sine prognoser for befolkningsframskrivingar at det etter hovudalternativet (MMMM) vil vere omtrent 46 nye innbyggjarar i Hareid kommune ved utgangen av planperioden i 2032, og nær 5180 innbyggjarar i 2040.





		2020	2030	2040
Menn	0-17 år	596	560	535
	18-49 år	1049	963	901
	50-66 år	555	526	530
	67-79 år	295	382	341
	80-89 år	80	136	210
	90 år og eldre	16	18	41
Kvinner	0-17 år	551	519	508
	18-49 år	1001	962	909
	50-66 år	512	533	550
	67-79 år	297	358	384
	80-89 år	117	166	201
	90 år og eldre	48	40	70
SUM		5117	5163	5179

Figur 12– Tabell 11668 – Befolkningsframskriving (SSB, 2020b).



Figur 13 – Tabell 116688 (SSB, 2020b).

HHMH: Høg nasjonal vekst
MMMM: Hovudalternativet
LLML: Låg nasjonal vekst

3.8. Landbruk

Landbruket er den næringa i Hareid kommune som nyttar og forvaltar størst areal. Talet på gardsbruk med sjølvstendig drift er redusert og omfanget av leigd jord har auka. I løpet av dei siste 30 åra er talet på driftseiningar redusert frå 94 til 21. I den same perioda er jordbruksarealet som er i drift redusert frå 5 780 dekar til 3 180 dekar. Landbruksnæringa er særskilt viktig i forhold til arbeidsplassar, matproduksjon og stell av kulturlandskapet.





3.9. Friområde

Friområda skal hovudsakleg inngå i- eller vere i tilknytning til byggjeområda, og omfattar parkar, turvegar, anlegg for leik, campingplassar, enkelte intensivt utnytta badeplassar samt anlegg for idrett og sport. Viktige utfartsområde utan tilknytning til byggjeområda kan også leggst ut til friområde der ein føreset offentleg opparbeiding, turvegar, tilkomst, sanitær, parkering og tilrettelegging for ein større ålmenn bruk.

3.10. Tomtesituasjonen i kommunen

Slik situasjonen er i dag er det få byggjeklare bustadtomter i Hareid kommune. Det er derfor stor etterspurnad etter fleire tomter som kan byggast ut på kort sikt, der med anna teknisk infrastruktur er i orden. Det er ved denne rulleringa forsøkt å vurdere ny bustadområder etter kva for områder som kan ha ei rask utbygging. Det er i dag ein negativ trend med manglande gjennomføring for bustadutvikling i kommunen. Fleire privateigde områder som i tidlegare arealdelar er satt av til bustadområde, er ferdig regulert, men gjennomføringa av prosjekta vert ikkje fullført. Dette ser ut til å vere ei gjennomgåande utfordring i kommunen, og er noko ein må forsøke å få stoppa. Det er ein klar fordel at områder som vert satt av til bustadformål i kommuneplanens arealdel vert realisert, slik at ein ikkje tar unødig areal til dette formålet.

På tross av manglande gjennomføring på fleire større bustadprosjekt, er det vald å vidareføre desse områda som eksisterande bustedareal i arealdelen. Dette fordi områda som er satt av til bustadformål har ein god lokalisering, samt at det er nytta mykje tid og ressursar i planlegginga, då dei fleste er ferdig regulert. Vert område ikkje realisert til neste rullering, bør områda takast ut av planen slik at det ikkje bandlegg areal til bustad som kunne vore nytta andre stadar i kommunen med større sjanse for realisering.

For nye tiltrengde bustadområder er det nytta ein ny strategi, for å forsøke å motverke trenden som har oppstått i kommunen. Det er fokusert på at nye byggjeområder har få grunneigarar. Dette gjer planarbeidet mindre komplisert. Målet er at dette skal bidra til at planarbeid, utbygging og sal skal gå fortare enn det som har vore trenden dei siste åra. Det vert derfor berre lagt ut områder der grunneigar har ytra ønske om utbygging eller der kommunen sjølv har kjøpt grunn og har planar om utvikling.






3.11. Bustadutvikling

Talet på bustadar i kommunen har auka med nesten 11,5 % frå 2009 til 2019. Dette gir ein bustadvekst på 268 bustadar, noko som vil seie at det har vore bygd i gjennomsnitt mellom 26 og 27 nye bustadar i året gjennom denne tiårs-perioden. Legg ein på 2 år, slik det tilsvarar planperioden på 12 år, er det etablert 325 nye bustadar i kommunen.

Kor stort bustadbehovet til Hareid kommune er dei neste 12-åra må sjåast i samanheng med den framtidige befolkningsutviklinga i kommunen og balansen mellom befolkningsutviklinga og talet på bustadar oppført dei siste 10-12 åra. Dette seier noko om kor mange bustadar som trengs, og dermed kor stort areal som er naudsynt at ein prioritetar til bustadformål dei neste åra. I tillegg er det viktig å ha tomtereservar tilgjengeleg i kommunen.



Figur 14– Tabell 06265. Syner utviklinga av bustadtypar i Hareid kommune mellom 2007 og 2019 (SSB, 2019).

Når det kjem til type bustadar som eksisterar, er det klart flest einebustadar. Veksten har derimot flata ut. Den største auka dei siste åra er utbygging av bustadblokk (ca. 60 % auke) og rekkjehus, kjedehus og andre småhus (ca. 55 % auke). Dette tydar på at det i framtida er viktig at kommunen også sikre et variert bustadtilbod, i tillegg til å syte for at nok bustadareal er tilgjengeleg. Noko anna som talar for å oppretthalde ei variert bustadsamansetning er at andelen som bur åleine er aukande. Dette er den kategorien, saman med par utan heimebuande barn om har auka mest i Hareid kommune frå 2005 til 2018, med høvesvis 20- og 24 % vekst.



4. REVIDERT AREALBRUK VED DENNE RULLERINGA I HAREID KOMMUNE

Det er utført nokre justeringar i forhold til eksisterande arealbruk. I dette kapittelet vert det gjeve ei tematisk framstilling av endra arealbruk i Hareid kommune ved ny arealdel. Som avslutning på kvart arealformål vert det gjeve ei oppsummering av den endra arealbruken.

4.1. Bygningar og anlegg

Hareid kommune sitt hovudmål er å vere ei god kommune å bu i, ei trygg kommune å leve i, ei attraktiv kommune å arbeide i og ei spennande kommune å leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og for kompetansepersonar. For å nå denne målsettinga er det naudsynt at kommunen legg til rette for ein variert og berekraftig utvikling av dei ulike underformåla knytt til formålskategorien bygningar og anlegg.

4.1.2 Bustadar

4.1.1.1. Vidareføre bustadområde frå gjeldande arealplan.


Det er vald å vidareføre alle områda som var sett av til busetting ved førre rullering, som enno ikkje er utbygd. Fleire av bustadområda er regulert i løpet av den siste planperioden, og er i prinsippet klare for utbygging. Medan andre områder ikkje har starta på reguleringsarbeidet.

Hjørungavåg

B1 Haggardneset

I 2012 vart det lagt opp til ei utviding av eksisterande bustadfelt på Haggardneset. Utvidinga omfattar eit areal på i underkant av 4 daa. Det er krav om detaljregulering. Området er berglent, og ved detaljplanlegging bør det takast omsyn til naturmiljøet. Det er også registrert eit gammalt steingjerde mellom eksisterande bustadområde og dei to nye tomtene, som også bør takast vare på, jf.

Konsekvensutgreiing 2012-2024.






Jørgenmarka


gbnr. 77/6

Reguleringsarbeidet for området vart starta opp på slutten av 90-talet, men planen vart aldri slutført. Området er derfor ikkje regulert eller utbygd. I dag ligg området brakk og gjengrod, med unntak av 11 enkelttomter som har vorte utbygd, ca. 37 da er ubygd. Området egner seg for utbygging då det er i forlenginga av eksisterande teknisk infrastruktur med vassforsyning og offentleg avløp, samt gangavstand til skule. Det er krav om detaljregulering for området.



B2 Vågsleitet

Dette er eit mindre felt på ca. 3 dekar som ikkje er regulert enno. Området som er sett av til bustad grenser til eksisterande bustadområde i Liavågen, og kan dermed knytast til eksisterande infrastruktur. Området blei tatt med inn i arealdelen i 2012, etter innspel frå grunneigar. Konsekvensutgreiinga av området syner til at eit gammalt steingjerde mellom eksisterande bustadområde og det nye området bør takast vare på ved utbygging.






B10 Jomsvoll

Ved Jomsvoll er det sett av eit bustadareal på ca. 49 dekar (ca. 40 bustadar), som enno ikkje er regulert. Arealet er knytt til eksisterande bustadutbygging.

Det er god vegforbindelse på staden, og det ligg ei hovudleidning frå Hjørungavåg vassverk i vegen som feltet kan knyte seg til. Området har ikkje offentleg avløp, og det må leggjast nye leidningar frå pumpestasjonen ved Leira i Liavågen. Feltet blir ved denne rulleringa delt frå den delen der utbygging har starta, på denne måten er det berre nye bustadar som er underlagt krav om detaljregulering. Tvers gjennom området ligg ei høgspenteleidning, dette må avklarast i reguleringsplanarbeidet.




B11 Hjørungavåg

I Hjørungavåg er det sett av eit stort areal (ca. 137 dekar – ca. 100 bustadar) til bustadformål, som ikkje er regulert. Området strekker seg frå Nedrelid til Pilskog, og femnar om store områder som i dag er gamle gardsbruk og spreidd bustad-utbygging. Området ligg sentralt i Hjørungavåg i tilknytning til det som tidlegare var sentrum i bygda med offentleg kommunikasjon og skule. Det ligg

offentlege avlaupsleidningar frå ein pumpestasjon i Leira, og i det ligg vassleidningar i gangvegen som grensar til planområdet, parallelt med fylkesvegen.


Feltet vil krevje omfattande opparbeiding av intern infrastruktur. Det vil derfor vere føremålstenleg å dele opp feltet i fleire byggjetrinn, med ei trinnvis utbygging av infrastrukturen.





Forlenging av Pilskog feltet.


Dette arealet (g/bnr. 77/1), er ei forlenging av Pilskog feltet på om lag 20 dekar. Området ligg med gangavstand til skule, offentleg kommunikasjon og i tilknytning til eksisterande infrastruktur. Området er ikkje regulert, men det vil kome anslagsvis 20 bustadar.



Hareid sentrum

B3 Melshorn


Bustadfeltet på Melshorn er på omtrent 161 dekar, og er ei utviding av eksisterande bustadfelt. Området er ferdig detaljregulert (PlanID 20100002), og vil bidra med 87 nye bustadar. Området var sett av til bustadformål i plankartet frå 2012, både som noverande og framtidig bustadområde. Ved denne rulleringa vert heile feltet omgjort til eksisterande bustadformål.






B4 Holstad

Dette feltet var i kommuneplanen frå 2012 sett av til bustadformål. Området er no detaljregulert, PlanID 20070003. Arealet for nye bustadar er omtrent 94 dekar, og vil i framtida kunne bidra med 72 nye bustadar.



B5 Plassane

På Plassane, i utkanten av Hareid sentrum, er eit om lag 75 dekar stort område sett av til bustadformål i plankartet frå 2012. Området vart regulert på slutten av 90-tallet (PlanID: 19990001), og vil tilføre området 70 nye bustadar. Feltet er enno ikkje utbygd.






Bigset

B6 Bigset

Området er ei forlenging på ca. 83 dekar av det eksisterande byggjefeltet på Bigset. Utvidinga ligg i forlenginga av eksisterande infrastruktur med gang- og sykkelavstand til skule og barnehage. Bustadfeltet vart først lagt ut i kommuneplanens arealdel i 2012, men er enno ikkje regulert eller realisert.



4.1.1.2. Nye bustadareal

Brandal

Ved denne rulleringen vert det ikkje lagt inn nytt areal til bustadformål i Brandal. Ishavsbygda har eit fint og kompakt sentrum og et godt bustadmiljø. Det finst fortsatt nokre spreidde ubygde tomter innafor areal som er regulert til bustadformål i planen frå 1972. Regleringsplanen for Pe-Myra (planID: 20100007) som vart vedteken i 2012, opnar for oppføring av konsentrert bustad utbygging i rekke og i leilegheitsbygg med tilhøyrande fellesareal. Planen er ikkje opparbeidd og inneheld ein bustadreserve på ca. 6 einingar. I gjeldande kommuneplan er deler av det regulerede arealet avsett til sentrumsformål. Sjølv om det ikkje er noko krav at det skal etablerast forretning eller kiosk innanfor dette arealet, vil ikkje kommunen motsette seg ei slik disponering av byggjets 1. etasje. Sentrumsformålet vert derfor vidareført i den nye kommuneplanen.



Hareid sentrum

Reguleringsendring Fremste

Teigane

gbnr 44/2

Det er endra arealformål frå friområde til bustadområde for g/bnr. 44/2. Utarbeidd reguleringsplan med planid 20160005. Reguleringsplanen omfattar bustadar med maks 8 bueiningar, veg (0,4 da) og leikeplass (0,3 da).




B7 Kjøsaplassen

gbnr 41/12

Ein eigedom på om lag 9 dekar som er eigd av Hareid kommune.

Ved denne rulleringa blir området omgjort frå spreidd bustadbygging til framtidig bustadområde. Dette vil bidra positivt til fortetting og auke i talet på sentrumsnære bustadar. For nærare føringar for utbygging, sjå konsekvensutgreiing.






G/bnr. 41/1306:

På ein liten del av denne eigedommen (ein liten trekant på om lag 248 m² vert arealformålet i kommuneplanens arealdel endra frå offentleg eller privat tenesteyting til bustadformål. Dette slik at det er samsvar mellom vedtatt reguleringsplan og ny arealdel.



B12 Brekkane

Området er ved denne rulleringa endra frå offentleg og privat tenesteyting til bustadformål. Endring av arealformål har vore til politisk behandling i Hareid formannskap to gongar, 06.05.2019 sak 2018/2240 og 21.08.2020 i sak 105/20. Begge gongane vart det vedtatt at arealet kan nyttast til bustadområde. Det er eit pågåande planarbeid for området, planID: 20180002. Arealet som skal nyttast til bustadområde er på om lag 49 daa.






Bigset

Bustadfelt Røyset II

gbnr 51/58 og 50/3


I kommuneplanen frå 2014 var det sett av areal til utviding av bustadområdet på Røyset. I reguleringsplanen, planID 20130002, som er utarbeidd for området er dette arealet ytterlegare utvida. Ny arealdel sett av areal i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Det er planlagt 18 einebustadar. Tvers gjennom området går det ei høgspenteleidning i luftspenn (20 kV). I reguleringsplanen er det bandlagt 15 meter, vist med faresone for høgspenning.



B8 Kommuneskogen

gbnr 51/8

Det vert lagt ut eit nytt kommunalt bustadfelt på omtrent 40 dekar mellom Røyset bustadfelt og området som er avsett til spreidd busetting ved Kaldholen. Det nye området er eigd av kommunen og består i dag av eit større skogsområde. Arealet må vere hogstklart, med godkjenning frå landbruksmynde, før utbygging kan starte. Dette er eit ideelt område for bustad, då det er gjort stor opparbeiding på teknisk infrastruktur i området. Det er også sosial infrastruktur i form av skule og barnehage i nærleiken.






Hjørungavåg

B9 Nerli

gbnr. 76/2


Eigedommen, g/bnr 76/2, blir endra frå LNFR til bustadområde etter innspel frå grunneigar. Området er ca. 18 dekar, og vert ei forlenging av bustadområdet som skal komme inst i Hjørungavåg. For nærare føringar for utbygging, sjå konsekvensutgreiing.



Kåvika

gbnr. 63/19 og 63/2

Eit mindre område på i underkant av 2 da, vert omgjort frå LNFR-område til bustadformål i tråd med eksisterande reguleringsplan, planID 20170001. Det er planlagt ei bustadtomt knytt til eksisterande bustadfelt, planID 19860001.





Oppsummering

FELT	VIDARE- FØRING	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
B1 HAGGARDNESET	3 987 m ²			
B2 VÅGSLEITET	3 196 m ²			
JØRGENMARKA	36 850 m ²			
B10 JOMSVOLL	49 063 m ²			
B11 HJØRUNGAVÅG	136 609 m ²			
FORLENGING PILSKOG	19 815 m ²			
B9 NERLI		18 335 m ²	LNFR	
KÅVIKA		1 981 m ²	LNFR	20170001
B3 MELSHORN	161 832 m ²			20060005
B4 HOLSTAD	94 828 m ²			20070003
B5 PLASSANE	15 118 m ²			19990001
REGULERINGSENDRING		2 622 m ²	Friområde	20160005
FRAMSTE TEIGANE 44/2.		-	-	-
B7 KJØSAPLASSEN		9 083 m ²	Spreidd busetting	
G/BNR. 41/1306		248 m ²	Off. og privat tenesteying	
B12 BREKKANE		49 092 m ²	Off. og privat tenesteying og friområde	
B6 BIGSET	83 614 m ²			
BUSTADFELT RØYSET II		14 980 m ²	LNFR	20130002
B8 KOMMUNESKOGEN		40 237 m ²	LNFR	
SUM	604 912 m²	136 678 m²		





4.1.3 Fritidsbusetnad

For nye fritidsbustadar er det ønskelig at det vert bygd i nærleiken av eksisterande område for fritidsbusetting. Det har i tida mellom gjeldande arealdel og denne rulleringa vore vedteke og utarbeidd nokre reguleringsplanar for fritidsbustadar. Desse vert lagt til i plankartet, med formålskategori framtidig fritidsbusetnad. Det vert ikkje lagt ut nye områder for fritidsbustadar i denne planperioden, med unntak av eit felt i Korshamna som får endra arealformål frå akvakultur til fritidsbustad. For fritidsbustadar er det ein klar og viktig skilnad mellom naust, rorbu og hytte. Desse bygningstypane har først og fremst ulik bruksformål, og dermed forskjellige føresegn knytt til seg.



Figur 15
Illustrasjon av naust



Illustrasjon av rorbu



Illustrasjon av hytte

Naust vert ofte oppført i strandsona og nytta til å oppbevare reiskap, utstyr, båtar og anna. Det er ikkje tillat å innreie eller å nytte eit naust til overnatting.

(Sivilombudsmannen, 2007; Hordaland fylkeskommune, 2004:26)

Rorbu kan oppførast med to etasjar. Kor den første etasje blir nytta til oppbevaring av reiskap, utstyr, båtar og anna, som eit naust. Skilnaden er at andre etasje er innreidd for overnatting og opphald.

Hytter sjåast som regel i samanheng med friluftaktiviteter, og er derfor ofte lokalisert nær rekreasjonsområder. Hytter kan nyttast til overnatting, og mange hytter vert nytta i helger og ferier. Det er ikkje tillat å nytte ei hytte som fast bustad.




4.1.1.3. Vidareførde områder for fritidsbusetting frå gjeldande arealplan

Bigset

F1 Røyset

F3 vidareførast frå kommuneplanens arealdel frå 2012. Dette området er enno ikkje regulert.



4.1.1.4. Nye områder for fritidsbusetting

Bigset

F2 Snipsøyrr hyttefelt

F2 var teinka inn i arealdelen 2012-2024. I denne rulleringa vert dette området utvida i tråd med formannskapet sin godkjenning, sak 139/19, for utviding av arealet F2 Hytteområde Snipsøyrr/Nesset i kommuneplanens arealdel. Utvidinga gjeld 2,8 da, området vil med dette bli i underkant av 12 da. Området er ikkje detaljregulert i dag, men det ser ut til at eit planarbeid vil bli starta.






Fhn3 Snipsøy hyttetomter

Det vert lagt til eit nytt areal for fritidsbustadar i kommuneplanens areadel, i tråd med gjeldande reguleringsplan, planID 20150002. Området ligg sør for F2, eit område for framtidig fritidsbusetting. Det er planlagt tre nye hyttetomter (fråskilde tomter), samt inntil tre naust som er felles for dei tre eigedomane.



Fhn4 Røyset hyttefelt

I arealdelen frå 2012 består dette området av 6 enkelt områder vist som eksisterande fritidsbusetting, dette i tråd med reguleringsplan planID 19990003. Denne planen er oppheva , og erstatta av ny reguleringsplan planID 20130003 . Formålet med reguleringsendringa var å legge til rette for framtidig utvikling og modernisering av hytteområdet. Det vart lagt til tre nye frittliggande hytter, båtopphal og serviceadkomst. Området syner seg no som eit heilskapleg hyttefelt, og vert vist i plankart som eit samanhengande areal, i staden for frittstående slik det tidlegare var gjort.






Hjørungavåg


Fhn1 Kåvika

Arealet vidareførast som framtidig fritidsbusetnad frå arealdelen 2012-2024. Området vert justert i tråd med gjeldande reguleringsplan, 20170001. Det er regulert inn fire tomter til fritidsbustad, samt eit mindre område til naust.



Fhn2 Engeskardet


I kommuneplanen frå 2014 var det satt av eit mindre areal til framtidig fritidsbusetting. Dette arealet, samt eit større området for eksisterande fritidsbusetting (ikkje utbygd) vert slått saman til framtidig område for fritidsbusetting i tråd med ny reguleringsplan for området, 20170002. Dette vert ei utviding av eksisterande felt for fritidsbuseting på Engeskardet. Planen legg opp til 10 nye hyttetomter og 14 nye båt plassar i naust.






Fhrn Alme

Det er utarbeidd reguleringsplan (planID, 20160002) for eit hyttefelt på Alme. Det regulerte arealet er større enn det området (F6) som var satt av i kommuneplanens arealdel frå 2014. Feltet F6 vil dermed bli utvida i samsvar med reguleringsplan ved denne rulleringa av arealdelen. Det er planlagt ca. 20 hytter, 11 naust/orbuer og fire hytter med moglegheit for utleige ved sjøen, samt tilhøyrande anlegg og infrastruktur.



Frn2 Korshamna

Ved denne rulleringa blir området akvakultur i Korshamna omgjort til fritidsbustad. I dette området blir det moglegheit for å etablere rorbu.






Brandal

Frn3 Brandalsvegen


Dette er eit eksisterande areal for fritidsbustadar i Brandal. Det opnast no for å etablere rorbuer her. Grunna dette vert område underlagt krav til reguleringsplan (#), samt at føresegna vert endra. Området vert derfor omtala som eit framtidig område for fritidsbusetnad, ettersom føresegna knytt til området vert endra.



Hareid

Frn1 Ytre Hareid

Eksisterande område for fritidsbusetting på Ytre Hareid. Arealet vert vidareført ved denne planen, med same krav til regulering som ved arealdelen frå 2012. I tillegg til naust opnast det no for etablering av rorbuer på dette området.





Oppsummering

FELT	TYPE	VIDARE - FØRD	NYE OMRÅDE	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
Fhn1 KÅVIKA	H, N		3 014 m ²	LNFR	20170001
Fhn2 ENGESKARDET	H, N		8 614 m ²	LNFR	20170002
Fhrn ALME	H, R, N	10037 m ²	4 570 m ²	LNFR	20160002
Frn2 KORSHAMNA	R, N		9 441 m ²	Akvakultur	
F2 SNIPSØYR - HYTTEFELT		8819 m ²	2 988 m ²	LNFR	
		-	-	-	-
Fhn3 SNIPSØYR - HYTTETOMTER	H, N		2 418 m ²	LNFR	20150002
		-	-	-	-
F1 RØYSET		23936 m ²			
Fhn4 RØYSET HYTTEFELT	H, N		23 896 m ²	LNFR	20130003
		-	-	-	-
Frn1 YTRE HAREID	R, N	1 425 m ²			
Frn3 BRANDALSVEGEN	R, N	7 551 m ²			
SUM		51768 m²	54 941 m²		

H = hytte, R = rorbu og N = naust





4.1.4 Sentrumsformål

For dette arealformålet vert det gjort mindre justeringar. Det vert omgjort frå bustadformål til framtidig sentrumsformål ved eigedom g/bnr. 41/355, 41/354 og 41/349 i Hareid sentrum. Det vert også utarbeidd ein eigen sentrumssone, vedlegg C. Sona dannar grunnlaget for ein framtidig sentrumsplan for Hareid.



Oppsummering

FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
UTVIDING AV SENTRUM		3 632 m ²	Bustad	
<i>SUM</i>		<i>3 632 m²</i>		

4.1.5 Offentleg eller privat tenesteyting

Det er ved denne rulleringen vald å ikkje sette av meir areal til offentleg eller privat tenesteyting enn det som vart satt av i arealplanen i 2012. Feltet T2 er enno ikkje realisert. Kommunen vel derfor å ta med dette området vidare i ny arealdel. Området som i arealplanen 2012-2024 vert omtala som T1 på Brekkane vert ved denne rulleringa omgjort til bustadformål.

T2 Bigset barnehage

Det er i arealdelen av 2012 satt av et 6 dekar stort område til utviding av eksisterande barnehage på Bigset. Dette arealformålet vidareføres til arealdelen av 2020. Området er ikkje regulert.





Oppsummering

FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
T2 BIGSET BHG.	6 280 m ²			
<i>SUM</i>	6 280 m ²			

4.1.6 Fritids- og turistformål

Campingområdet på Røyset vert endra frå friområde til fritids- og turistformål, då dette formålet passar betre med kva område i realiteten vert nytta til. Det er også påskrift i plankartet med «camping». Campingplassar omfattast i følgje rettleiaren til kommuneplanens arealdel av dette formålet.

Oppsummering:

FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
CAMPING RØYSET		20 435 m ²	Friområde	
<i>SUM</i>		20 435 m ²		

4.1.7 Råstoffutvinning

På Risneset i Hjørungavåg ligg det i dag eit privateigd område for råstoffutvinning, masseuttak og arrondering. Det forgår for tida arbeid med ny reguleringsplan (planID: 20190001) for området, der den framtidige bruken av området er ein sentral del av arbeidet. Målet på sikt er å nytte området som industriområde når råstoffutvinninga tek slutt. I den nye reguleringsplanen for Risneset vert miljøoppryddingstiltak, avslutningsplan, skjermingstiltak m.m vurdert. I tillegg vert det gjennomført konsekvensutgreiing.

4.1.8 Næringsverksemd

Tilrettelegging av næringsverksemd i Hareid kommune er ein viktig faktor for å etablere eit godt næringsliv innanfor kommunegrensa. Det kan også gje positive ringverknadar i form av nye busettingar og auka folketal. Kommunen kan bidra gjennom å syte for at det finst tilstrekkeleg med næringsareal. Det vert ved denne rulleringa vidareført alle områda frå sist arealplan som ikkje er utvikla. Det vert også omgjort eit område på Raffelneset frå akvakultur til





næringsverksemd. Det er viktig for kommunen at eksisterande område vert prioriterte, med med anna utarbeiding av teknisk infrastruktur. Tanken er også at dette vil gjere det meir attraktivt for bedrifter å etablere seg, noko som vil gje positive verknadar for kommunen.

Oppsummering

FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
N4 RAFFEL- NESET/MYRNA	7 751 m ²			20150004
N1 RAFFELNESET	79 975 m ²			20110001
N3 RAFFELNESET 41/594 OG 41/1192		7 813 m ²	Akvakultur	
N2 BIGSET	10 715 m ²			
SUM	195236 m ²	7 813 m ²		

4.1.9 Idrettsanlegg

Arealformålet for stadionanlegget på Jomsvoll i Hjørungavåg vert endra frå friområde til idrettsanlegg. Dette gjeld eit område på 13 daa.



Oppsummering:


FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
JOMSVOLL		13 066 m ²	Friområde	
SUM		13 066 m ²		





4.1.10 Annan særskilt angitt busetnad og anlegg

Det er ved gjeldande arealplan satt av omtrent 15 dekar til avfallsdeponi/massedeponi, med arealkategori annan særskilt angitt busetnad og anlegg. Grensene for det eksisterande massedeponiet er i nytt plankart justert i samsvar med reguleringsplan. I tråd med innspel frå grunneigar og drivar av massedeponiet blir området ved denne rulleringa utvida tilsvarande forslaget som var innsendt. Planområdet blir i hovudsak regulert til massedeponi kombinert med LNFR i tidsrekkefølge. Til masseuttaket følger føresegn om at området skal tilbakeførast til LNFR-område ved avslutting av deponidrift, estimert til 10 år.



Oppsummering

FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
A1 DEPONI FOR OVERSKOTSMASSER	14 958 m ²	12 250 m ²	LNFR	20130001
A2 UTVIDELSE AV DEPONI		40 235 m ²	LNFR	
SUM	14 958 m²	52 485 m²		

4.1.11 Uteopphaldsareal

Det er ved denne rulleringa vald å gjere om arealformålet på nokre friområder knytt til bustadfelt til uteopphaldsareal. Både friområde og uteopphaldsareal kan nyttast som arealkategori for leikeplassar. Uteopphaldsareal er meir egna då det kan knyttast opp mot TEK17 og krava om minste uteopphaldsareal (MUA), jf. gjeldande § 5-6 i TEK17. I føresegna er det også teke med krav knytt til MUA. Ein viktig føresetnad for uteopphaldsareal er at det ikkje skal vere restareal som ikkje egna seg til leik eller opphald.

Områda som det er endra formålskategori på er:

- ❖ 4 områder på Ytre Hareid.
- ❖ 3 områder på Hjørungavåg
- ❖ 1 område på Bigset
- ❖ 1 område på Geilane
- ❖ 2 områder på Indre Hareid
- ❖ 1 område på Bigset

Oppsummering:





FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL 2012	PLAN- ID
BUSTADFELT PÅ YTRE HAREID		4 903 m ²	Friområde	
BUSTADFELT PÅ INDRE HAREID		2 022 m ²	Friområde	
HJØRUNGAVÅG		6 060 m ²	Friområde	
BIGSET VEST		3 231 m ²	Friområde	
GEILANE		3 634 m ²	Friområde	
BRANDAL		631 m ²		
<i>SUM</i>		19 850 m²		

4.2 Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur

4.2.1 Parkeringsplassar

I Hareid sentrum er det gjort vedtak om at det er mogleg med frikjøp av parkeringsplassar.

Detaljane rundt denne løysinga vert presisert i føresegnene.

I medverknadsprosessen kom det inn fleire innspel på at det er behov for fleire parkeringsplassar i kommunen, da spesielt knytt til tur- og friluftsområder. Dette er viktige innspel. Tilrettelegging av parkering vil vere eit naudsynt tiltak for at både innbyggjarar og tilreisande kan nytte dei fine friluftsområda i kommunen. Tilgjengelige rekreasjonsområder vil kunne vere med å gjere Hareid kommune meir attraktivt å besøke og å opphalde seg i. Dette vil også vere eit positivt tiltak i høve folkehelsa, og kan bidra med at friluftsområda i kommunen i større grad vert nytta fordi dei vert meir tilgjengelig.

Det er vald å ikkje legge inn nytt parkeringsareal knytt til friluftsområder i plankartet. I staden er det slutta at nye områder for parkering vert framstilt i eit eige vedlegg. Det vert knytt føresegner til vedlegget, med krav til korleis parkeringsplassane skal opparbeidast, storleik og liknande.

4.2.2 Overordna vegnett

Nordplan AS fikk ved sist rullering av kommuneplanens arealdel i oppdrag av Hareid kommune å lage ein plan for det overordna vegnettet i Hareid kommune. Bakgrunnen for arbeidet var ønske om å få vurdert ny trasé for Fv. 61 gjennom Hareidsdalen, samt få vurdert plassering av påhogg for en eventuell framtidig undersjøisk tunnelforbindelse til Sula. Denne planen vert lagt ved som





vedlegg også ved denne rulleringa av kommuneplanens arealdel. Planen er i to delar, og gir gode retningslinjer for vegnettet i Hareid kommune, sjå vedlegg E.

4.2.2.1 Alternative traséar for ny Fv. 61 gjennom Hareidsdalen.

Det vart ved sist rullering satt i gang eit prosjekt for å få utgreidd alternativ vegtrasé på sørsida av Grimstadvatnet, dette resulterte i to alternative traséar for framtidig ny fylkesveg gjennom Hareidsdalen. Planprosjektet vart avslutta ved årssiktet 2011 og rapport/planforsalg og planomtale datert 08.11.2010, rev. 14.02.11 vart lagt til grunn for dei skisserte løysingane for overordna vegnett i kommuneplanen. Det er i plankartet frå 2012 skissert to alternative traséar for ein framtidig Fv. 61 gjennom Hareidsdalen, både med tilhøyrande tunnelpåhogg. Traséen vidare følgjer sørsida av Hareidsdalen, forbi golfanlegget mot Hovden der den delar seg i to alternative linjer; den eine svingar nordover og knyter seg til tunnelpåhogg ved Bjåstad, medan den andre førast over Kaldholen og følgjer sørsida av Grimstadvatnet, om lag der kommunevegen går i dag med tunnelpåhogg i Melshornet. Vidare mot Hareid sentrum over Hareidsmyrane med kopling til planlagt rundkøyring på Holstad (Holstad-krysset).

Det er ikkje arbeid vidare med denne løysinga sidan sist rullering. I planomtalen frå 2012-2024 står det også at «endelege og detaljerte linjeføring for framtidig ny Fv. 61 gjennom Hareidsdalen med evt. tunnelpåhogg, skal avklarast i reguleringsplan.» Det står også skrive at hovudvegtraséane vist i kommuneplankartet skal vere retningslivande, og dermed ikkje bindande. Ettersom det er knytt utsikkerheit kring skissene, og at dei kun er meint som retningsgivande er det met formålsteneleg å ta desse ut av plankartet. Dei to alternative skissene for ny Fv. 61 vil i staden for verte lagt til som vedlegg til kommuneplanens arealdel 2020-2032. På denne måten vil dei dei fortsatt vere retningsgivande for ein framtidig reguleringsplan.

4.2.2.2 Overordna vegnett for bustadområde Bigset vest og i Hjørungavåg ved skulen.

For å lette seinare detaljplanarbeid i dei to bustadområda, har ein ved sist rullering av kommuneplanens arealdel teikna inn vurderingar av det overordna vegnettet i dei to bustadfelta, samt handtering av overflatevatn ved ei utbygging av felta, inn i plankartet. I prosjektrapporten frå Nordplan AS er løysingane nærare skildra, sjå vedlegg E (datert 08.11.2010, rev. A 14.02.2011). I liksakap med dei alternative vegtraséane for ny Fv. 61 gjennom Hareidsdalen, er desse to vegløysingane meint som retningsgivande for ein framtidig reguleringsplan for områda.





Derfor vert også desse vegsystema teke ut av det juridisk bindande plankartet, og lagt ved som eige vedlegg til kommuneplanens arealdel.

4.2.3 Gang- og sykkelveg

Ved sist rullering av kommuneplanens arealdel vart det forsøkt å definere og synleggjere overordna gang-og sykkelveg for heile kommunen, knytt opp mot viktige målpunkt som bustadområde, skular, barnehagar og andre viktige sentrumsfunksjonar. Både kommuneplanen og trafikktryggingssplanen vart lagt til grunn for forslaget. Både eksisterande og nye gang- og sykkelveggar vart teikna inn i plankartet. Desse vert vidareførd ved denne rulleringa, då utbygging ikkje er realisert. I skilnad frå alternativa som er teikna inn for ny Fv. 61 og vegane innad i bustadområda på Bigset og i Hjørungavåg er det knytt mindre usikkerhet til framtidige traséar for gang- og sykkel. Her er det ikkje lagt inn ulike alternativ, men forslaget til framtidig gang- og sykkelveg er lagt i fornuftig plassering i høve eksisterande gang- og sykkelveg, samt bilveg.

4.3 Grønstruktur

4.3.1 Park

Gjeldande område for park vert vidareførd ved denne rulleringa. Parkområdet har ei ideell plassering til sitt formål. Krav om detaljregulering vert fjerna. Det er lagt til 0,127 da frå sentrum til park i kommuneplanen.



Oppsummering

FELT	VIDARE- FØRD	NYE OMRÅDER	AREAL- FORMÅL2012	PLAN- ID
UTVIDING G1		127 m ²	Sentrum	
<i>SUM</i>		<i>127 m²</i>		

4.3.2 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (LNF(R))

Dette arealformålet delast i to :

- Areal for naudsynte tiltak for landbruk og næringsverksemd som er knytt til garden med bakgrunn i garden sitt ressursgrunnlag.
- Areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygg.





Det er eit mål for kommunen å bevare landbruks- og kulturlandskapsområder samanhengande, slik at landbruksdrifta vert mest mogleg rasjonell. Samstundes har kommunen eit mål å skaffe byggjegrunn til dei ulike samfunnsformåla, med anna å skaffe byggjegrunn til ei veksende befolkning. Det må derfor gjerast ei konkret avveging mellom bruk og vern i arealforvaltninga, noko som kan vere utfordrande for kommunen. Det er i denne rulleringa lagt opp til omdisponering av noke LNFR-område. Konsekvensane av dette er vurdert i KU.

Oppsummering av LNF(R) område:

FELT	AREAL- FORMÅL 2012	AREAL (DEKAR)
BRANDAL		
STOREALME	Fritidsbusetnad	+ 5 da
ALME	Fritidsbusetnad	+ 6 da
OVERÅ	Spreidd busetting	+ 156 da
LISSET G/BNR 74/1	Bustad	+ 15 da
NESSHEIM G/BNR 60/4	Fritidsbusetnad	+ 36 da
ULSET	Spreidd busetting	+ 69 da
KVAMMEN	Spreidd busetting	+ 27 da
SNIPSØYR/NESSET	Spreidd busetting	+ 143 da
MORK	Spreidd busetting	+ 181 da
SUM		+ 638 da

Figur 16 – Areal som er lagt til LNFR-områder frå andre arealformål.

❖ B9 Nerli	18 335 m ²	❖ Fhn2 Engeskardet	8 614 m ²
❖ Kåvika	1 981 m ²	❖ Fhrn Alme	4 570 m ²
❖ Bustadfelt Røyset II	14 890 m ²	❖ F2 Snipsøyrr hyttfelt	2 988 m ²
❖ B8 Kommuneskogen	40 237 m ²	❖ Fhn3 Snipsøyrr hyttetomter	2 418 m ²
❖ Fhn1 Kåvika	3 014 m ²	❖ Fhn4 Røyset hyttfelt	23 896 m ²

Totalt 119 943 m² vert omgjort frå LNFR til andre arealformål.





4.3.2.1 LNF a) - med forbod mot spreidd bustadbygging

I denne kategorien er det berre tillat å føre opp bygningar, bygge anlegg eller utføre andre tiltak som er naudsynt for drift av eit næringsmessig landbruk. Det som vert rekna som landbruk er ordinært jordbruk og skogbruk. I tillegg vert det rekna med næringsverksemd som er knytt til dei ressursane som er på garden (tilleggsnæring).

4.3.2.2 LNF b) - areal for spreidd bustader – fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m

Arealformålet omfattar same landbrukstiltak som i kategori a). Det vert i tillegg opna for tiltak som ikkje inngår i landbruksomgrepet som spreidde bustadar, fritids- og næringsbygg,

Spreidd bustader

I kommuneplanens arealdel frå 2012 er det fleire områder med spreidd busetnad. Halvparten av områda vert teke ut av kommuneplanens arealdel ved denne rulleringa. Grunngevinga for dette er at spreidd busetting ikkje er i tråd med kommunen sitt ønskje om konsentrert busetting. Basert på same argument vert det heller ikkje lagt til fleire områder med dette formålet. Nedanfor følgjer ei oversikt over områda i kommunen kor spreidd busetting fortsatt er tillat i åra framover. Sjå føresegna for talet lovlege frådelingar i områda som er markert som spreidd busetting.

FELT	AREAL
BRANDAL	81 da
ØVERA ¹	156 da ¹
KALDHOLEN	88 da
RØYSET	250 da
ULSET	69 da ¹
KVAMMEN	27 da ¹
SNIPSØYR/NESSET	143 da ¹
MORK	181 da ¹
RISE	320 da
BJÅSTAD	62 da
 <i>SUM</i>	<i>801 da</i>





4.3.2.3 Omsynssone i landbruket

Aktuelle omsynssoner i landbruket vil vere omsyn for vern av ressursar som til dømes jordressursane og kulturlandskapet. Dette gri moglegheiter for å framheve ressursvern og legge til rette for næringsutvikling innanfor landbruket. Det kan lagast retningslinjer for å ta i vare omsyna. Retningslinjene kan marker omsyn og restriksjonar som framhevar landbruket.

I plankartet er det teikna inn omsynssone landbruk (H510) med forklarande skravur, på følgande stader:

KRINS

- ❖ Hareid sentrum
- ❖ Bigset
- ❖ Hjørungavåg

KJERNEOMRÅDE

- Gjerde
- Bjåstadbakken mot Kaldholen
- Ulset mot Hjørungavåg (fleire omsynssoner)

Nytt ved denne rulleringa er at det er teikna inn to H510 omsynssone frå Ulset til Hjørungavåg. Utgangspunktet for omsynssonene er AR5, som viser dyrka mark.

4.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørande strandsone

Dette hovudformålet, med tilhørande underformål, er teke ut av kommuneplanens arealdel. Innleiingsvis i dette dokumentet vart det forklart at det vert utarbeidd ein egen kommunedelplan for kystsona- og havområda i Hareid kommune, i samarbeid med fem andre kommune på Søre Sunnmøre.

5. SAMANDRAG AV KONSEKVEN舜UTGREIINGA

I vedlegg til arealplanen er det utarbeida ei konsekvensutgreiing for alle områder som får endra arealformål.



OMRÅDE	USIKRE/NEGATIVE KONSEKVENSER	POSITIVE KONSEKVENSER	KONKLUSJON
B7 KJØSAPLASSEN	<ul style="list-style-type: none"> ❖ 0,5 da, inngår i omsynssone H310_2 ras- og skredfare. ❖ Deler arealet ligg innanfor gul støysone. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Bidrar til fortetting ❖ Sentrumsnære bustadar ❖ Tilbakefører andre tomter i område for spreidd busetting til LNFR. 	Godt egna til bustadformål.
TEIGANE	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Akebakke/ rekreasjonsområde ❖ Kulturminner ❖ Barn og unges interesser 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Fortetting av populært bustadområde 	Ikkje egna til bustadformål. Friluftsliv og barn og unges interesser.
B9 NERLI	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Nærleik av større område som ikkje er bygd ut. ❖ Skog av høg bonitet 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Privat initiativ. ❖ Tilførsel av bustadar i ein krins utan befolkningsvekst. 	Egna til bustadformål.
B8 KOMMUNE- SKOGEN	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Inngår i omsynssone H310_1 ras- og skredfare. ❖ Skog av høg bonitet (høgst er avklart med landbruksmynde) 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Tilførsel av bustadar i eit område utan særleg vekst. ❖ Utnytte opprustinga som er gjort på teknisk infrastruktur i området. 	Godt egna til bustadformål..
UTVIDING AV MASSEDEPONI HAREIDSEIDET	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Mindre område inngår i omsynssone H530, omsyn friluftsliv. ❖ Konflikt med framtidig trasé for Fv. 61. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Utviding av eksisterande deponi ❖ Nedgravd deponi i nærleiken. ❖ Ikkje bustadar i nærleiken. ❖ Etterspurnad etter deponi 	Godt egna til deponi.
Frn1 KORSHAMNA	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Ingen kjende negative konsekvensar 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Utviding av eksisterande område for fritidsbusetting. 	Egna til fritidsbusetting.

Samandrag av konsekvensutgreiinga

Forslaget om å etablere meir bustadar på Teigane, er vald å ikkje ta med i planforslaget. Innspelet er vurdert i konsekvensutgreiinga til å ha større negative konsekvensar enn positive, då dette er eit område som er regulert til friområde, og som born og unge nyttar seg av. På vinterstid er det ein populær akebakke innanfor det foreslåtte arealet. Utover dette konkrete innspelet er dei negative konsekvensane som er kartlagd for dei øvrige områda, utfordringar som vil kunne løysast med avbøtande tiltak i eit framtidig reguleringsarbeid. Ein kjem ikkje vekk frå at noko LNFR-areal vert omgjort til bustad og massedeponi. Ser ein derimot på det totale arealrekneskapet (sjå neste side) er det tilbakeført meir LNFR-areal enn det som vert omgjort til andre formål. Med dette planforslaget unngår ein også spreidd busetting og på så måte er forslaget i tråd med strategi om fortetting av eksisterande byggeområde. Noko som i framtida vil vere positivt for samanhengande og meir effektive landbruksområder, samt styrking av kundegrunnlaget for kollektivtransport ved at fleire bur på same plass.





6. AREALREGNSKAP

FELT	2012-2024	2020-2032
BUSTADAR	2 778 da	2 823 da
FRITIDSBUSTADAR	312 da	308 da
SENTRUM	126 da	130 da
FORRETNING	34 da	34 da
OFF.PRIV TENESTEYTING	257 da	221 da
FRITIDS- OG TURISTFORMÅL	30 da	51 da
NÆRING	1 137 da	1 134 da
IDRETTSANLEGG	966 da	979 da
ANDRE TYP.BEBYG	23 da	76 da
UTEOPPHALDSAREAL	3 da	24 da
GRAV- OG URNELUND	31 da	31 da
GRØNSTRUKTUR	96 da	96 da
FRIOMRÅDE	939 da	864 da
PARK	5 da	5 da
5001_LNFR	68 250 da	0 da*
LNFR NØDVNEDIG	1 065 da	69 262 da
TILTAK FOR LANDBRUK		
SPREIDD BUSETTING	1 378 da	802 da
BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE	54 627 da	460 da**
NFFF	50 020 da	0 da**
AKVAKULTUR	28 da	11 da
DRIKEVATN	885 da	885 da

Endeleg arealregnskap kommuneplanens arealdel 2020-2032.

* Arealformålet er endra til LFNR nødvendig tiltak for landbruk.

**Sjøarealet er teke ut av planen.

For meir detaljert informasjon sjå arealoversikt under kvart arealformål i kapittel 4.





7. KJELDER

- FN-sambandet, 2020. FNs bærekraftsmål. Henta frå: <https://www.fn.no/om-fn/FNs-baerekraftsmaal>
- Hareid kommune, 2012. *Kommuneplan – Arealdel 2012 – 2024 Konsekvensar for natur, miljø og samfunn*
- Kommunetorget.no, u.d. *Hvordan koble folkehelse og planlegging*. Henta frå: <http://www.kommunetorget.no/Temaomrader/Folkehelse/Hva-er-folkehelse/Folkehelse-og-plan/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2017. *Universell utforming i planlegging etter Plan- og bygningsloven*. Henta frå: https://www.regjeringen.no/contentassets/2fa25e9da6944a278f6734f602658f5d/veileder_uu_pbl_utkast.pdf
- Miljødepartementet, 2012a. *Veileder - Kommuneplanens arealdel, utredning og innbald* (T-1491). Henta frå: https://www.regjeringen.no/contentassets/18987b252b8948588c8323a1328d9cf3/kommuneplanens_arealdel.pdf
- Miljøverndepartementet, 2012b. *Veileder – Konsekvensutredninger, kommuneplanens arealdel* (T1493). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/620abe41d28a4c3eb3b08727d67c732e/t-1493.pdf>
- Miljøverndepartementet, 2012c. *Temaveileder – Barn og unge og planlegging etter Plan- og bygningsloven* (T-1513). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/bccd028e3b494d2fa8c6840851f2f2f2/t-1513.pdf>
- Møre- og Romsdal fylkeskommune, 2019. *Kommunestatistikk, Hareid kommune, 2019*. Henta frå: <https://mrfylke.no/for-deg-som-jobbar-i-kommune/statistikk-analyse-og-kart/kommunestatistikk>
- SSB, 2020a. 07459: *Befolkning, etter region, kjønn, alder, statistikkvariabel og år*. Henta frå: <https://www.ssb.no/statbank/table/07459/tableViewLayout1/>
- SSB, 2020b. 11668: *Framskrevet folkemengde 1. januar, etter region, kjønn, alder, statistikkvariabel og år*. Henta frå: <https://www.ssb.no/statbank/table/11668/tableViewLayout1/>
- SSB, 2019. 06265: *Boliger, etter region, bygningstype, statistikkvariabel og år*. Henta frå: <https://www.ssb.no/statbank/table/06265/tableViewLayout1/>

